



# ÅPENHETS SRAPPORT

MURITJØNET

# MURITUNET OG ÅPENHETSLOVEN

## Info på webside:

### VÅRT VERDIGRUNNLAG

Muritunet AS stiller seg bak Åpenhetsloven sitt formål om å fremme respekt for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i heile verdikjeda, samt å sikre våre interessenter tilgang på informasjon. Arbeidet og prosessen rundt etisk handel og Åpenhetsloven er godt forankra i vår leiing og vårt styre.

*Vår Åpenhetserklæring finn du her. Henvendelser vedrørende informasjonssplikt: [post@muritunet.no](mailto:post@muritunet.no)*

### VÅR ÅPENHETSERKLÆRING

#### Innleiing

Muritunet AS er eit aksjeselskap med ideelle vedtekter, der aksjar i hovudsak er eigd av kommunane i Møre-og Romsdal, Fylkeskommunen og Nasjonalforeningen for folkehelsen. Muritunet er leverandør av tverrfagleg, spesialisert rehabiliteringsteneste, og arbeidsretta rehabilitering etter avtale med Helse Midt-Norge RHF. Institusjonen har døgnavdeling i Valldal og dagavdeling på Moa i Ålesund.

Muritunet gjennomfører aktsomheitsvurderingar og har etablert retningslinjer og rutinar for å handtere faktiske og potensielle negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Muritunet jobbar systematisk for å fremme gode arbeids- og miljøforhold, også hjå vareleverandørar for å sikre heile verdikjeda. Dette blir gjort i nært samarbeid med og i dialog med våre leverandørar, samarbeidspartar, og andre interessentar.

Muritunet vil rapportere ev. utilsikta effekt som resultat av vår drift utført ved våre to avdelingar, samt gjennom vår leverandørkjede.

## Interne forhold

Muritunet har gjennom sin aksomheitsvurdering ikkje avdekt forhold internt som gir brot på Åpenhetsloven, knytt til menneskerettar, klima og miljø. Vi har etablerte prosedyrar og rutinar nedfelt i kvalitetssystemet for å sikre internkontroll og dermed tryggleik og ein god etisk standard blant dei tilsette. Det er etablert prosedyrar knytt tilsettingar, avgangar, handtering av permisjonar, lønsrelevante tilhøve, advarsler og uønska hendingar.

Personalansvarlege og leiinga skal følgje opp saker som er knytt til mobbing og trakassering/diskriminering. Tillitsvalde og verneombod er sentrale aktørar i saksgangen. Vi er tilknytt bedriftshelsesteneste Avonova, som kan bistå ved behov.

Likestilling og vern mot diskriminering er sakar som blir drøfta både med tillitsvalde og i AMU. Den årlege vernerunden og det kontinuerlege førebyggjande sjukefråversarbeidet har fokus på fysiske og ergonomiske tilpassingar, særleg knytt opp mot tilsette med nedsett funksjonsnivå, enten som følgje av alder, slitasje eller skade.

Lønssystemet er tabellbasert og kjønnsnøytralt. Selskapet og konsernet har retningslinjer for å oppnå likestilling i tilseting og løns-/avtalevilkår. I vår strategi, som er godkjent av styret, går det fram korleis vi arbeider med dette. Muritunet har fokus på at både tilsettingsprosessar og saksgang skal vere transparente. Tillitsvalde er deltakande i dei fleste prosessane.

Tema som likestilling, lønspolitikk og redusert tal på deltidsstillingar er tema som blir drøfta med tillitsvalde og hovudverneombod. Prinsippet er lik løn for likt arbeid, korrigert for kjønnsnøytrale variablar som til dømes utdanning og erfaring. Løn skal så langt som mogleg bli fastsett korrekt i den einskilde tilsettinga uavhengig av kjønn, kjensskap og andre tilhøve. Den overordna lønsfastsettinga inngår som del av partssamarbeidet i forbindelse med lønsforhandlingane.

Når det gjeld klima og miljø, har vi gjennomført ei omfattande miljøspektanalyse, som er styrande for organisasjonen sine miljøtiltak. Det er ikkje avdekt høg risiko på nokon av våre målområde. Muritunet er godkjent etter miljøstandard ISO 14001:2015.

### Leverandørforhold

Det er gjennomført aktsomheitsvurdering knytt til selskapet si leverandørkjede. Vi er tilknytt Ålesund kommune sin rammeavtale for innkjøp av kontorrekvisita, vaskeritener, matvarer, reinhaldsprodukt og medisinske forbruksvarer. Dette er leveransar som blir sjekka ut gjennom avtalen.

Vi prøver elles å finne leverandørar som er medlem av Etisk Handel Norge, og som bruker OECD sin modell for aktsomheitsvurderingar, – for å fremme eit ansvarleg næringsliv – ein innarbeida metodikk på korleis jobbe i ei leverandørkjede. Vi har klare krav til nye leverandørar gjennom vårt system for leverandørvurdering.

## STYRET SITT ANSVAR

Ifølge OECDs retningslinjer skal bedrifter bidra til å:



(Illustrasjon: OECD-veileder)

1. Ajourhalde plan for korleis utføre aktsomhetsvurdring
  - MT skal i Q2 årleg gå gjennom nedfelta aktsomhetsvurdringar og revidere tidlegare tiltak for å unngå skade på menneske, samfunn og miljø. Dette ved å ha:
    - 1.1 Forankra ansvarligheit i retningslinjer og styringssystem
    - 1.2 Analysert eksisterande og potensielle konsekvensar
    - 1.3 Innarbeidd analysen i selskapet si verksemd
    - 1.4 Overvaka selskapet sine resultat over tid
    - 1.5 Rapportert om korleis konsekvensar blir handtert
    - 1.6 Sørge for, eller samarbeidd om, gjenoppretting, erstatning og klageordningar der det var nødvendig
2. Ajourhalde plan for korleis overhalde informasjonsplikt
  - Her bruker Muritunet OECDs veileder for aktsomhetsvurdringar for ansvarleg næringsliv.
3. Periodisk evaluert retningslinjer og etablert kultur for korleis Muritunet arbeider med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.
  - FNs rammeverk "[Protect, Respect and Remedy](#)" og tilhøyrande retningslinjer ("Guiding Principles") gir konkret veiledning for gjennomføring av aktsomhetsvurdringar

Styret har vidare delegert til leinga å lage system for korleis handtere spørsmål om informasjon. *NBI Frist 3 veker etter krav om informasjon.*

## LEIARGRUPPA SITT ANSVAR

4. Kartlegging/oversikt på aktuelle aktsomhetsforhold i Muritunet
  - o Aktivitet rehabilitering – pasientar – innkjøp av div. utstyr
  - o Aktivitet ernæring – innkjøp av matvarer og utstyr til produksjon
  - o Aktivitet vedlikehold – innkjøp av byggemateriale og verktøy
  - o Aktivitet transport – miljøansvar
  - o Aktivitet reinhold – innkjøp av vaskemiddel/produkt til reinhold
  - o Aktivitet personalstyring – rettferdighet mellom kjønn, omsyn til religion og hudfarge, tilrettelegging ved handikapp
  
5. Kartlegging/oversikt aktuelle ansvarsforhold i leverandørkjedene og øvrige forretningsforbindelser
  - o Matvarer og utstyr til storkjøkkendrift
  - o Arbeidstøy
  - o Vaskeritener
  - o Utstyr og klede til salg i resepsjon
  - o Utstyr til sengeavdeling, sjukepleie, ergoterapi og fysioterapi
  - o Materialar til reinhold og vedlikehold
  - o Materialar til aktivitetskafeen
  - o Rekvisita og kontormateriell
  - o Køyretøy
  
6. Gjennomføre analyse på risiko for brudd på grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold internt, i leverandørkjedene og øvrige forretningsforbindelser

Jf. Risikovurdering utført i TQM, Id. 9

## Sjekkliste for vår gjennomgang av menneskerettar

1. Vårt verdigrunnlag er vedtatt av selskapets øvste leiing.
2. Vårt verdigrunnlag forpliktar oss til å respektere menneskerettane til dei som er omfatta av vår verksemd, og til å påverke våre forretningsforbindelser til å gjere det same.
3. Vårt verdigrunnlag er offentlig tilgjengelig og godt kjent, både internt og av våre forretningsforbindelser.
4. Vi gjennomfører aktsomheitsvurderingar for å kartlegge risiko i vår verksemd, om produkter og tenester forårsaker eller medverkar til brot på menneskerettane.
5. Vi gjennomfører aktsomheitsvurderingar for å kartlegge om våre leverandører og andre forretningsforbindelser respekterer menneskerettane på områder som er direkte knytt til vår verksemd, tenester eller produkt.
6. Vi prioriterer risiko slik at vi kan iverksette relevante tiltak.
7. Vi har ei «klageordning» gjennom avviksmodulen SeifRå, kor ein kan få hjelp til rette opp skadeverknadar.
8. Dersom vi avdekkar at vi har forårsaka eller vore delaktig til brot på menneskerettane, vil vi sette i gang tiltak for å avhjelpe skaden.
9. Dersom vi avdekkar risiko for at vi ikkje respekterer menneskerettane, skal vi iverksette risikoreduserande tiltak.
10. Dersom vi avdekkar at våre leverandører eller andre forretningsforbindelser ikkje respekterer menneskerettane, eller at det er en risiko for dette, bruker vi våre muligheter til å påverke, førebygge eller avgrense skadeverknadane.
11. Vi rapporterer offentleg og regelmessig om korleis vi arbeider med spørsmål rundt menneskerettane.

Styrets godkjenning:

Valdal 26.08.25

  
Anne Breiby

  
Marianne Skuseth

  
Arne Sandnes

  
Anett H. Steinnes

  
Geir Ove Vegsund, leiar

  
Harald Tom Nesvik

  
Wenche Dyb

  
Ester V. Nilsen, adm.dir